



Arbeidarpartiet



FOTO: HAVARD NESBØ

Sogndal Arbeidarparti 2019 – 2023

– Endå betre saman

Valprogram – kortversjon

Visjon

Sogndal kommune er ein attraktiv kommune å bu og arbeida i, og som folk har lyst til å flytta til og besøke. Det er ein kommune der folk trivst og har det trygt. I Sogndal kommune får offentlege og private verksemder utvikla seg godt og innbyggjarane i alle deler av kommunen får gode kommunale tenester. Sogndal kommune skal vidareutvikle seg som eit regionalt og nasjonalt tyngdepunkt for administrasjon og utdanning.

I valperioden 2019 – 2023 vil me arbeida for:

1. Oppvekst

Alle barn skal ha ein god oppvekst. Vi har mål om å ha landets beste skulemiljø, full barnehagedekning og har nulltoleranse mot mobbing. Vi skal syte for tidleg innsats, ha god kompetanse blant vaksne i skulen og i barnehagane og styrke skulehelsetenesta.

Arbeidarpartiet vil arbeide for å:

- Gje tilbod til alle som ønskjer barnehageplass
- Ha makspris for alle og søskenmoderasjon som er lik for både barnehage og skulefritidsordninga
- Behalde dagens skulestruktur i kommunen
- Ha tilstrekkeleg med ressursar i skulen og legge til rette for vidareutdanning for dei tilsette
- Gje alle born og familiar med særskilte omsorgsbehov skal få gode lågterskeltilbod
- Utarbeide ein kommunal handlingsplan for å motverke sosial ulikskap
- Bygge symjebasseng i Leikanger for mellom anna å sikre lovfesta symjeopplæring i skulen
- Innføre eit sunt måltid kvar dag med brød, frukt og mjølk til alle elevar i skulen.





2. Helse, omsorg og velferd

Sogndal skal vere ein kommune som fremjar god folkehelse. Vi skal vere framtidsretta i helsearbeidet vårt, og ta i bruk nye løysingar og ny teknologi for å gjere kvardagen enklare for folk som treng hjelp og støtte.

Arbeidarpartiet vil arbeide for:

- Å ha likeverdige helse– og omsorgstenester i alle delar av kommunen.
- Å satse på vidareutdanning innan akuttmedisin for sjukepleiarar i helse– og omsorgstenestene i Balestrand.
- At kommunen aktivt bidreg til å etablere eller oppretthalde formelle og uformelle møteplassar som arenaer for generell kontakt og utvikling
- Å etablere utandørs treningspark i Balestrand
- At det vert lagt til rette for vidareutdanning og hospitering innan pleie og omsorgssektoren
- Å auke grunnbemanninga i pleie– og omsorgssektoren som alternativ til vikarbruk
- Tenester som gjer det enklare å bu lengre i eigen bustad for eldre som ønskjer det
- At kommunen skal vera føregangskommune innan bruk av velferdsteknologi, med tilgang til hjelpemiddel til dei som treng det.
- Gode dagtilbod og avlastningstilbod til menneske som treng det.
- At det er tilgang til trådlauost internett i alle sjukeheimar
- Å sikre at god og næringsrik mat framleis vert laga lokalt på sjukeheimane våre
- Å auke fokus på psykisk helse og styrke psykiatritenesta

3. Kommunen som arbeidsgjevar

Med sine vel 12 000 innbyggjarar er Sogndal kommune den største arbeidsgjeveren i Sognregionen. Dei tilsette er den viktigaste ressursen i kommunen.

Arbeidarpartiet vil arbeide for:

- At kommunen skal vere ein god og føreseieleg arbeidsgjever med høve til utvikling for alle, og der dei faglege rettane for dei tilsette vert respektert.
- Å auke i talet på læreplassar i kommunen, både i privat og offentleg næringsliv. Sogndal kommune skal ha minst fire lærlingar per 1000 innbyggjarar.
- At det vert stilt krav om læreplassar ved utlysing av større prosjekt i kommunen
- At ufaglærte arbeidstakarane i kommunen skal få ta fagbrev
- Å utgreie ei kommunal vikarteneste
- Å legge til rette for praksisplassar for å gje både arbeidsledige og flyktningar arbeidspraksis
- Å ha ein kultur for heiltidsstillingar i kommunen og ikkje ha arbeidstakarar som jobbar ufrivillig deltid
- Å vidareutvikle samarbeidet mellom kommunen, fagorganisasjonane og næringslivet
- Å etablere ordningar der det vert lagt til rette for at kommunalt tilsette kan hospitere ved andre institusjonar og tenesteeiningar i kommunen



4. Bustadpolitikk

Arbeidarpartiet vil arbeide for å sikre tilstrekkeleg areal til bustadbygging i tilknyting til dei allereie etablerte og regulerte bustadområda i heile kommunen.

Arbeidarpartiet vil arbeide for:

- Å halde oppe takten i bustadbygginga og sikra variasjon i bustadmarknaden i heile kommunen.
- Ei arealplanlegging som gjennom fortetting og god planlegging av nye bustadområde kan redusere trøngen for transport
- At det i utbygging vert lagt mest mogleg til rette for å utnytte alternativ energi, som til dømes fjordvarme.
- At det i den kommunale planlegginga alltid vert vurdert konsekvensar av klimaendringar, og gjort tiltak for å unngå til dømes auka risiko som følgje av overfløymingar, flaumar og skred.
- Å bruke naudsynte verkemiddel for å sikre nok bustadareal, særleg for førstegongsetablerarar.



5. Samfunns- og næringsutvikling

Eit variert næringsliv er ein veldig viktig del av grunnlaget for at folk skal kunne bu i Sogndal kommune. Privat og offentleg sektor er gjensidig avhengige av kvarandre. Private og offentlege ressursar må samlast til innsats for felles beste.

Arbeidarpartiet vil arbeide for:

- At Sogndal kommune skal ha eit godt omdøme og bli opplevd som ein attraktiv stad å flytte til, der innbyggjarane får kommunale tenester av høg kvalitet.
- At kommunen arbeider aktivt for styrking av eksisterande og etablering av nye offentlege arbeidsplassar



FOTO: HAVARD NESBØ

- At kommunen skal ha god kunnskap om verksemdene sine utfordringar og behov. Den skal ha møteplassar som sikrar dialog og samarbeid med det offentlege og private næringslivet, og bidreg til vidare vekst og utvikling.
- At kommunen skal leggje til rette for å ha eit mangfaldig næringsliv.
Etablerte verksemder, til dømes innanfor industri, handel og reiseliv, må få utvikle seg vidare. Kommunen må samstundes leggje til rette for gründerar som vil etablere nye verksemder.
- Bidra til eit livskraftig landbruk som gir auka matproduksjon og gode og levedyktige arbeidsplassar.
- Bruke nødvendige verkemiddel for å sikre nok næringsareal.
- Vidareutvikle Balestrand som senter for reiselivsnæringa.
- At det innan utgangen av 2020 skal vere avklart kvar og når politisk og administrativ leiing skal flytte inn i permanente lokale i Leikanger.
- Å vidareutvikle samarbeidet mellom Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal og kommunen, og gjennom dette samarbeidet også bidra til å halda oppe og vidareutvikla det gode studentmiljøet i Sogndal.
- Vidareutvikle samarbeidet mellom dei vidaregåande skulane og kommunen, og sikre gode vilkår for skulane og elevane.



6. Kultur, fritid og frivillig arbeid

Arbeidarpartiet trur på sterke fellesskapsløysingar fordi me får til langt meir saman enn kvar for oss. Det skal vera tett samarbeid mellom kommunen og dei frivillige laga og organisasjonane, med frivilligsentralen som eit viktig bindeledd.

Arbeidarpartiet vil arbeide for:

- At kultur- og fritidsaktivitetar skal inngå som ein del av ein handlingsplanen mot sosial ulikskap
- Å ha ein godt utrusta utstyrssentral der innbyggjarane kan låne utstyr.
- Å byggja fleirbruksstall i Sogndal sentrum
- At frivilligsentralen har handlingsrom for å setje i gang aktivitetar for utsette grupper.



- At kommunen skal utvikla ein heilskapleg strategisk plan for det frivillige arbeidet, i dialog med dei frivillige organisasjonane.
- At kommunen skal verte ein god tilretteleggjær for drifta av dei frivillige organisasjonane, mellom anna ved å ha møteplassar og dialog med organisasjonane og å stille lokale til disposisjon for dei.
- Eit fleir brukshus i Balestrand for å lage ein felles samlingsplass på tvers av alder
- At kulturskulen skal ha aktivitetar i alle deler av kommunen.
- Å styrke og vidareutvikle kunstbygda Balestrand.
- Leggje til trette for merka turstiar frå fjord til fjell og sikre ålmenta tilgang til natur og friluftsområde.
- Styrke Saften i Leikanger og kulturhuset i Sogndal, og legge til rette for at kulturinstitusjonane vert gode møteplassar for innbyggjarane i kommunen.
- At eldre kan få vere ein ressurs som skal få høve til å bidra gjennom ein aktiv frivilligsentral.



Foto: HAVARD NESBØ

7. Samferdsel og kommunikasjon

Redusert reisetid og offentlege kommunikasjonstilbod er viktig for å binde kommunen tettare saman. Kommunen skal vere ein pådrivar for å utbetre vegar, få samanhengande gang- og sykkelvegar og auke kollektivtilbodet. Kollektivtilbodet skal leggast til rette for reiser til og frå jobb og for at alle innbyggjarane skal kunne nytte seg av offentlege tenester og handels- og kulturtild.

Arbeidarpartiet vil arbeide for:

- Å utbetre vegen mellom Hella–Leikanger
- Bru over Esefjorden
- «Sommarruter» på trekantsambandet Hella – Dragsvik – Vangsnes heile året
- At kommunen skal bidra til å stryke kollektivtilbodet i heile kommunen
- At kommunen skal arbeide aktivt med å styrke flytilbodet, og kommunikasjon til og frå flyplassen slik at det vert eit reelt tilbod.
- Å ha eit nattstasjonert fly på Sogndal lufthamn.
- Prioritere høg frekvens, stor kapasitet og god komfort på ekspressbåtane.
- Å opprette båtrute mellom Flåm og Balestrand for å kople oss til heilårsturismen i Flåm.
- Å leggje betre til rette for syklande og gåande gjennom til dømes samanhengande gang- og sykkelvegar, og om nødvendig prioritere denne trafikantgruppa framfor biltrafikken.
- Fleire ladestasjonar for el–bilar og prioritera miljø– og klimakrav ved alle kjøp og leigeavtalar for bilar til kommunal teneste.
- At det er tilbod om breiband med stor fart og kapasitet i alle delar av kommunen.
- At kommunen skal halde fram som ein aktiv deltar i arbeidet for å etablere trygg heilårsveg på rv 52 Hemsedalsfjellet og bru Mannheller– Fodnes.
- Betre trafikkloysing gjennom Sogndal sentrum
- Tunnel frå Loftesnes/Hagalalandet – Sogn folkemuseum
- Fjordspennet over Sognsdalsfjorden skal gje minst mogleg nærmiljøulemper for busetjinga i kommunen.

Helsing ifrå ordførarkandidaten

Kjetil Kvåle , 56 år – gift med Aase Loftesnes. Har tre born, Ida (28), Ingvil (26) og Tobias (18).

Mitt politiske engasjement har utspring i mi tru på eit samfunn med gode føresetnader for alle, og at vi alle skal ha likeverdige moglegheiter uavhengig av kven vi er.

Eg brenn for samfunnsutvikling generelt og næringsutvikling spesielt. Gode velferdstenester skapar tryggleik og trivsel - tryggleik og trivsel skapar bulyst – bulyst skapar arbeidsplassar og vekst.

Eg har alltid vore samfunnsengasjert og er heldig som har mange år som folkevald. Som gruppeleiar i den siste perioden har eg sett ei kommune i vekst og med gode resultat. Eg har heile vegen vore positiv til kommunenesamanslåinga, og eg meina at me står sterkare saman og at me kan gjera kvarandre gode.

Eg ynskjer å vera ein ordførar for heile Sogndal, vere synleg, vera lyttande og gjennom dialog sørgja for eit breitt politisk samarbeid, slik at me kan vidareutvikla heile kommunen.

Som ordførar har eg eit sterkt ynskje om å bidra til å skapa noko. Vi bur jo her og livet er for kort til ikkje å engasjere seg! Difor har eg lyst å bli ordførar i nye Sogndal kommune.

Vår kommune vil bli ein betydeleg aktør i nye Vestland – og dette vil eg vera med på – som ordførar.

Sogndal Arbeidarparti har ein politikk som vil vera bra for den nye kommunen, og som vil bidra til vidare vekst og eit styrka regionsenter for Sogn.

Eg gler meg til valkampen, og ikkje minst å få gjere ein jobb saman med alle dei flinke og engasjerte listekandidatane.

Godt val!

Helsing Kjetil Kvåle

Ordførarkandidat for Arbeidarpartiet

Sogndal arbeidsparti si kommuneliste 2019

<i>Namn</i>	<i>Fødselsår</i>	<i>Poststad</i>
1 Kjetil Kvåle	1963	Sogndal
2 Henny-Kristin Asperanden Navarsete	1981	Leikanger
3 Antonella Patr. Vidal Ottone	1984	Balestrand
4 Ole André Aarvoll	1991	Sogndal
5 Clara Øberg	1960	Sogndal
6 Rune Bjerk	1969	Balestrand
7 Guro Marie Dyngen	1971	Leikanger
8 Brigt Grepstad Røysum	1999	Leikanger
9 Aud Feidje Nordeide	1962	Balestrand
10 Stig Ove Ølmheim	1989	Slinde
11 Solveig Hove Bang	1993	Sogndal
12 Liv Synnøve Bøyum	1964	Slinde
13 Gunstein Lund	1967	Kaupanger
14 Haavard Stensvand	1961	Leikanger
15 Dagmar Nese	1962	Balestrand
16 Ingvar Stadheim	1951	Sogndal
17 Alison M. L. Furehaug Molland	1973	Leikanger
18 Astrid Hove	1967	Sogndal
19 Geir Olav Borlaug	1956	Balestrand
20 Eline Orheim	1973	Fjærland
21 Jarle Andersen	1958	Leikanger
22 Arnstein Hauståker	1951	Kaupanger
23 Maria Sofie Knudsen Bjerk	1999	Balestrand
24 Stian Øye	1988	Sogndal
25 Ingvild Ramstad	1970	Leikanger
26 Merete Børke Alpen	1971	Fardal
27 Gudvin Steinar Haraldsson	1986	Balestrand
28 Tonje Norheim Tangerud	1977	Sogndal
29 Bjarne Asperanden Sjøthun	1972	Leikanger
30 Jørn Stenehjem	1968	Sogndal
31 Marit Iren Mundal	1957	Balestrand
32 Kari Kongelf	1974	Sogndal
33 Andreas Rendedal Thue	1987	Leikanger
34 Geir Sverre Volle	1961	Kaupanger
35 Eyasu Hajay Misghina	1964	Balestrand
36 Thomas Wang Mundal	2000	Fjærland
37 Camilla Njøs	1990	Leikanger
38 Egil Kristoffer Sværen	1947	Balestrand
39 Siv Laila Eriksen	1965	Sogndal
40 Tage Johan Sandvold	1946	Balestrand
41 Ann Kristin Sæbø	1966	Leikanger
42 Magnus Mundal	1960	Balestrand
43 Else Kristine Husabø	1946	Sogndal

